



Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Hotel Alexandra, Loen

Dato: 20.06.2023

Tidspunkt: 10:00 - 16:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Vibeke Johnsen	Medlem	Sogndal kommune
Kari Synnøve Muri	Nestleiar	Stryn kommune
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune
Helge Stormoen	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sonja Øvre-Flo	Helge Stormoen	Vestland fylkeskommune

Merknader:

Anne Rudsengen - SNO var og med på møtet.

Etter møtet var styret på synfaring til Kvame i Oldedalen, for å sjå på arbeidet med restaurering av gamle stien mot Kvamsætra og Flatsteinbu.

Andre frammøtte:

Namn

Trygve Snøtun

Tor Arne Hauge

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ivar Kvalen

Kari Synnøve Muri

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 15/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/23	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 17/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Klage på vedtak om avslag på fasadeendring - Sunndalssætra - Sverre Guddal		2023/3526
ST 18/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalen - søknad om fleirårig løyve til motorferdsel - vedlikehald av turveg - Per Briksdal		2023/8944
ST 19/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Skåla - Fleirårig løyve til motorferdsel med helikopter - Bergen og Hordaland Turlag		2023/6883
ST 20/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Lundebotn-Tverrfjellet - Innspel til planprogram - Jostedalsbreen AS		2023/3252
ST 21/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalen - Søknad om dispensasjon for vassleidning - Oldedalen skyss AS		2023/9205
ST 22/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Befringsdalen - Dispensasjon for innsamling av belegg for artsbestemming		2023/7944
ST 23/23	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 24/23	Delegerte saker		
DS 2/23	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Skåla - Motorferdsel med helikopter - Bergen og Hordaland Turlag		2023/6883
DS 3/23	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel med helikopter - Sunndalssætra - Sunndalen sankelag		2023/7635
DS 4/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til utvida av periode for flyging - Storselet på Sunndalssætra		2019/4933
DS 5/23	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til motorferdsel i samband med nasjonalt overvåkingsprogram - Heliwing Helikopter		2023/7725
DS 6/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til frakt av grus , materialar til klopplegging og gjerdemateriell - Erdalen beitelag		2023/8949

ST 15/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Samrøystes vedteke.

ST 16/23 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Ivar Kvalen føreslo Kari Synnøve Muri til å signere møteprotokollen i lag med styreleiar.

Vedtak

Kari Synnøve Muri vart vald til å signere møteprotokoll i lag med styreleiar.

Samrøystes vedteke.

ST 17/23 Jostedalsbreen nasjonalpark - Klage på vedtak om avslag på fasadeendring - Sunndalssætra - Sverre Guddal

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Styret drøfta saka.

Samrøystes vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kan ikkje sjå at det i klaga kjem fram nye moment som ikkje var kjent og vurdert på vedtakstidspunktet. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre held fast på tidlegare vedtak og avslår søknaden om fasadeendring på Haraldeselet på Sunndalssætra. Klaga med vedlegg vert oversendt Miljødirektoratet for endeleg handsaming, jamfør § 33 i forvaltningslova.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev utsett verknad av pålegg om retting gjeve i utvalssak 11/23, fram til klagesaka er ferdig handsama, jamfør forvaltningslova § 42.

Samrøystes vedteke

ST 18/23 Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalen - søknad om fleirårig løyve til motorferdsel - vedlikehald av turveg - Per Briksdal

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltarane.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i punkt 4.3, andre strekpunkt, i verneforskrifta, til Briksdalsbre Fjellstove for motorisert ferdsle med traktor for vedlikehald av stien frå vernegrensa i Briksdalen til bresanden framfor Briksdalsbreen. Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for inntil 2 dagar pr. år i fire år (frå og med 2023 til og med 2026).
2. Løyvet gjeld ikkje motorisert ferdsel i juli og august, helg (laurdag og søndag) eller offentlege fridagar.
3. Løyvet om motorisert ferdsel gjeld berre for vedlikehald av sti/turveg.
4. Det skal nyttast traktor som er tilpassa storleiken på stien/turvegen, altså små, for å hindre utviding og endring av denne.
5. Dersom det er akutte behov for vedlikehald etter hendingar i juli/august, skal dette avtalast med nasjonalparkforvaltar.
6. All motorferdsle skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og skal ikkje uroe dyreliv eller friluftsliv.
7. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (mob. 95 96 38 88) eller nasjonalparkforvaltar skal varslast seinast dagen før planlagt gjennomføring.
8. Nasjonalparkstyret skal ha ein skriftleg rapport om køyring kvart år innan 1. desember.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre handsamar søknader om motorferdsel etter verneforskrifta. Eventuelt løyve etter motorferdselslova er det kommunen som handsamar. Grunneigar må gi løyve til køyring og landing på sin eigedom.

ST 19/23 Jostedalsbreen nasjonalpark - Skåla - Fleirårig løyve til motorferdsel med helikopter - Bergen og Hordaland Turlag

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltarane.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve med heimel i verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 4.3, andre strekpunkt Bergen og Hordaland Turlag løyve til bruk av helikopter til transport av ved, gass, forbruksmateriell, proviant, avfall, dokaggar og anna driftsrelatert materiell til turlagshyttene på Skåla for åra 2023, 2024, 2025 og 2026.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld inntil 10 landingar/dropp ved Skålabu per år. Traséen skal følgje kortaste veg frå Lodalen til Skålabu, der aktuelle utflygingspunkt er Breng eller Stølsvadet.
2. Løyvet gjeld for 1.mai til 10.juni og 1.august til 30.november kvart av åra 2023-2026.
3. Det skal ikkje flygast på laurdagar, sundagar, heilagdaggar eller andre offentlege fridagar.
4. Løyvet gjeld for transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hyttene på Skåla, samt utflyging av boss og anna utstyr. Dersom det trengs folk til å ta imot underhengande last frå helikopteret, må desse flygast opp innan den same ramma på 10 turar.
5. Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og vere mest mogeleg konsentrert i tid.
6. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
7. Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (mob: 95963888) eller nasjonalparkforvaltar (mob: 95794484 eller 90192471) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
8. Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
9. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1. desember kvart år om gjennomført helikoptertransport. Rapporten skal skildre tal hiv, dato, kva som er transportert og eventuelt andre observasjonar.

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha nødvendige løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune og grunneigarar.

ST 20/23 Jostedalsbreen nasjonalpark - Lundebotn-Tverrfjellet - Innspel til planprogram - Jostedalsbreen AS

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Vibeke Johnsen

Fremja følgjande forslag:

Eit nytt siste kulepunkt:

- Ei overordna vurdering av om gondolplanane er i samsvar med føremålet med nasjonalparken.

Handsaming i møte

Oddmund Klakegg gjorde styret merksam på hans rolle i Jostedalsbreen AS, og bad om at styret vurderte hans habilitet i saka. Styret konkluderte med at Oddmund Klakegg var ugild i saka. Oddmund Klakegg tredde i frå og var ikkje med å handsame saka.

Styret drøfta kva innspel dei ynskte å gje til planprogrammet for detaljreguleringsplan for Jostedalsbreen gondol.

Styremedlem Vibeke Johnsen føreslo eit nytt siste kulepunkt som tillegg til innstillinga frå forvaltarane, som styret etter litt drøfting samla seg om.

Vedtak

Den vil vere viktig for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre at det er grundige utredningar om korleis planen om gondol til Tverrfjellet vil kunne påverke verneverdiar og verneføremål i nasjonalparken. Kring toppunktet er det få andre alternativ enn inn i verneområde om det skal bli tilrettelagt for utandørs aktivitetar. I eit krevjande terreng og klima må tryggleiken også bli godt ivaretatt. Vidare tilseier klimaendringar at det kan bli store endringar dei neste åra, noko som bør vere teke omsyn til i ein plan. Til slutt må tiltaket vurderast om det foreinleg med vern i det heile.

Forslag til utgreiingar:

- Kva aktivitetar skal føregå kor? Kva infrastruktur som stiar og sikring er naudsynt? Korleis påverkar dette verneverdiar og verneføremål?
- Korleis skal ein handsame tryggleik for dei besøkande?
- Framskrivning av korleis klima og breen blir dei neste åra? Korleis påverkar dette bruken av området? Og korleis påverkar det naturverdiane?
- Kan næraste område kring gondolen vere nasjonalpark om denne blir realisert?
- Ei overordna vurdering av om gondolplanane er i samsvar med føremålet med nasjonalparken.

Samrøystes vedteke med nytt siste kulepunkt.

ST 21/23 Jostedalsbreen nasjonalpark - Briksdalen - Søknad om dispensasjon for vassleidning - Oldedalen skyss AS

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Styret drøfta saka og vart samde om at eit løyve bør avgrensast i tid. Det vart føreslått at løyve bør gjelde for inntil 10 år.

Vedtaket vart elles i samsvar med innstilling frå forvaltarane.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev med heimel i naturmangfaldlova sin § 48 Oldedalen skyss AS løyve til å leggje ut $\frac{3}{4}$ toms vasslange for å sikre nok vatn i skuldersesongane til toaletta på endestasjonen på Kleivavegen.

Løyvet vert gjeve for ti år, og gjeld inntil 1.juli 2033.

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyve gjeld ein $\frac{3}{4}$ tommars vasslange frå nasjonalparkgrensa og inntil 350 meter inn i parken langs traséen som er skildra i søknaden.
2. Utlegging av vasslange skal skje mest mogeleg skånsamt for vegetasjonen i området. Vasslangen skal passeraast mest mogeleg skjult i krattskogen men ikkje gravast ned.
3. Utlegging av vassleidning skal skje etter 15.juli for å unngå unødig forstyrring av fugl i hekketida, og skal skje manuelt utan bruk av motorkøyretøy av noko slag.
4. Det skal ikkje borast i fjell eller på andre måtar gjerast irreversible inngrep ved utlegging av vassleidning.
5. Dersom vassleidningen vert øydelagd eller av andre grunnar går ut av bruk skal heile leidningen og alle spor etter denne fjernast frå nasjonalparken.

Samrøystes vedteke.

ST 22/23 Jostedalsbreen nasjonalpark - Befringsdalen - Dispensasjon for innsamling av belegg for artsbestemming

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Vegetasjonsrådgiver Tanaquil Enzensberger løyve til å ta belegg for å artsbestemme planter, sopp og lav i samband med utarbeiding av skjøtselsplan for Befringsdalen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld fram til 15. november 2023.

Det er knytt følgjande vilkår for løyvet:

1. Løyvet gjeld personell som utfører feltarbeid i samband med utarbeiding av skjøtselsplan for Befringsdalen.
2. Det skal ikkje samlast inn belegg dersom det kan medføre fare for at arten blir borte lokalt (jf. § 9 «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova).

ST 23/23 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Sekretariatet orienterte om følgjande saker i møtet:

1. Info frå SNO
2. Status tiltak
3. Møte i Stardalen 30.05.2023
4. Møte på Tungestølen 08.06.2023
5. Synfaring med Miljødirektoratet 11.05.2023
6. Mediasaker sidan sist

Vedtak

Styret handsama sakene og tok dei til vitande.

ST 24/23 Delegerte saker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 20.06.2023

Handsaming i møte

Vedtak

Nasjonalparkstyret tok dei delegerte sakene til vitande.

DS 2/23 Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Skåla - Motorferdsel med helikopter - Bergen og Hordaland Turlag

DS 3/23 Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel med helikopter - Sunndalssætra - Sunndalen sankelag

DS 4/23 Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til utvida av periode for flyging - Storselet på Sunndalssætra

DS 5/23 Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til motorferdsel i samband med nasjonalt overvakingsprogram - Heliwing Helikopter

DS 6/23 Jostedalsbreen nasjonalpark - Løyve til frakt av grus , materialar til klopplegging og gjerdemateriell - Erdalen beitelag